

# Snart i hamn

**Etter eit tiår er Kjell Magnus Økland inne i sjarmørseglassen på bokverket sitt om oselvaren - frå livsviktig verkøy til flytande møbel eller konkurransebåt.**

– Ein vert ikkje utyst av å drikka sjøvatin.

Slik oppsummerer tysnesingen Kjell Magnus Økland arbeidet sitt om nasjonalbåten oselvar. Den vesle farkosten var det klart viktigaste framkomstmiddelet i hundrevis av år i ytre Hordaland. Om han var viktig for austevollingen òg?

– Legg saman bilen din, datamaskinen din, mobilen din, alle fjernkontrollane dine. Då nærmar du deg dét båten hadde å seia for folk før i tida, seier

Økland, som vonar å ha boka ferdig trykka ein gong neste år. Oselvaren vart nytta til fiske, transport av varer, fe og folk, gjerne til og frå kyrkje. Han var kort og godt blodet som gjekk i livsnervane, og det var normalt at kvar gard åtte minst ein - dessutan var landingsrett for båt heilt naudsynt frå gamalt av.

## Tidleg interesse

Økland vart tidleg krøkt med interesse for sjøen, og fødd inn i sjømannsslekt. I tillegg dreiv naustnaboene deira heime på Tysnes fiske på den retteleg gamle måten.

– Det må ha vore på midten av 1980-talet, og han var nok ein av dei siste som dreiv slik, seier Økland. Tidleg kom sakprosaforfattaren i kontakt med oselvarmiljøet, og hadde og

båtbyggjar Harald Dalland som sløydlærer i ein periode, noko som fascinerte den komande tradisjonsbåtentusiast.

Som relativt ung mann kjøpte han seg òg oselvar. Alle sa at han hadde ein spesielt fin båt, men det var slett ikkje fordi han hadde vunne så mange seglasar. I staden var den gamle trebåten spekka med historie. Under krigen hadde han tilhøyrt distriktslegen på Tysnes, som vart involvert i motstandskampen. Då spelet raste saman, vart legen arrestert og avretta av tyskarane.

– Båten min var det einaste som var att etter han, og såleis eit symbol på motstandskampen mot tyskarane. Eg skreiv òg semesteroppgåve om båten på universitetet.

## Konkurransemiljø

Kring midten av 1800-talet utvikla det seg tevlingar, både med segl og årer, med den tradisjonsrike båten. Framveksten var spesielt stor i mellomkrigstida, og i gamle arkiv har Økland funne mang ei resultatliste.

I takt med overgangen til motorbåtar og andre materialval til farkostane og til slutt bilen sitt hegemoni som transportmiddel, hamna òg oselvaren i bakevja.

– Redningsaksjonen var essensielt, mellom anna gjennom etableringa av Oselvarverkstaden på Osøyri, konstaterer forfattaren. Og legg til at museum og kystlag òg spelar viktige roller i å ta vare på fartøy frå gamledagar.

Bokverket har òg ein liten bolk om vedlikehald av den gamle farkosten. Ikkje svar på alt, men gode peikepinnar på mange av dei mest utbreidde tingane nye oselvareigarar gjerne undrar seg over. Ein del er òg sett av til konkurranseresultat frå 1872 og heilt fram til våre dagar.

No er bokverket inne i siste fase, med grundig kvalitetssikring som ein del av kvardagen. Dessutan driv Oselvarklubben på med å reisa pengar til å dekkja trykkekostnadane for bokverket.

**M** Trond Hagenes  
trond.hagenes@marsteinen.no



Kjell Magnus Økland har eit inderleg forhold til oselvaren. Etter ti år med arbeid, er det no siste finpuss som gjenstår før verket om nasjonalbåten ligg klart i bokhandelen. Foto: Aile Ove Marthinussen

# Redaktørropprør mot pressekutt



Norske redaktører er bekymra for journalistikken og mediemangfaldet. Foto: Heiko Junge / NTB scanpix

**Over 100 redaktører i lokalaviser over heile landet krev at regjeringa droppar moms på papiraviser og 16 prosent kutt i pressestøtta.**

Stans svekkinga av norske og samiske aviser, krev 105 lokalavisredaktører i eit opprop som blei lansert tysdag. Dei slår fast at pressestøtta må haldast oppe på dagens nivå og at både papiraviser og e-aviser må få momsfritak.

– For oss er det ekstremt dårleg timing med eit kutt i presse-

støtta. Me har behov for å seia frå om kva me meiner, og kjem no med ei felleserklæring for mangfald i mediebransjen, seier Rolf Edmund Lund, redaktør i Altaposten til Klassekampen.

Lund fryktar at forslaget til regjeringa om å kutta 54 millionar kroner i pressestøtta neste år og å innføre åtte prosent moms for papiraviser, vil få store konsekvensar for ein bransje som slit.

– Me er i gang med ei stor og krevjande digital omstilling, og regjeringa vil leggja ein stein til bora. Me treng journalistisk muskelkraft for å klara omstillinga, seier han.

Regjeringa starta forhandlingar om statsbudsjettet med Venstre og KrF tysdag og skal etter planen vera ferdig måndag. Både Venstre og KrF har signalisert tydeleg at dei vil kjempa mot kutt i pressestøtta og at dei vil gi momsfritak til e-aviser. Men Lund er ikkje overtydd om at dei vil lukkast.

– Eg åtvare tidleg om at me ikkje skal ta det for gitt. Dei har såpass mange kampsaker i budsjettet, som sosiale spørsmål og miljø. Men håpet er at dei dei to partia seier, gjer inntrykk på dei blå – og at dei ser at dette ikkje er klokt. **NPK**